

Sunnfjord Kajakklubb

Pb 698

Førde kommune

v/kulturetaten

SØKNAD OM DRIFTSSTØTTE

Vi tillet oss med dette å søke dykk om Kr. 3.000 som støtte/gåve i samanheng med drifta av Sunnfjord Kajakklubb sesongen 2008.

Arbeidsplan for 2008

Dette året har årsmøtet lagt til grunn fylgjande satsingsområde:

- Lage turprogram
- Arrangere kurs for dei som er treningsansvarleg og turleiarar
- Starte satsinga på kajakkpolo
- Organisere elvepadlarane. Lage til turar, kurs etc.
- Montere resten av kajakkopphenga
- Legge golv i naustet
- Bygge varmestove/skifferom i naustet
- Få på to-tre, helst fire nye strøk med tjærebeis på naustet
- Gjennomføre utskifting/fornyng av kajakkar og utstyr
- Lage internkontollrutinar for trening og klubbturnar
- Arrangere temakvelder (aktuelle tema: navigasjon & sjømannskap, sikkerheit & redning, reparasjon av kajakk, førstehjelp & livredning)
- Slutføre rekneskapen for naustet i samanheng med ferdigstilling av bygget
- Fylgje opp arbeidet med å prøve å stoppe utbygging av kai på stranda

Nye satsingsområde

Elvepadling og Kajakkpolo er relativt nye aktivitetar i klubben. Forbundet (NPF) satsar mykje på desse aktivitetane i samanheng med rekruttering til sporten, særleg i høve til ungdom. Klubben satsar difor mykje på å bygge opp kompetanse i klubben for å sikre tryggleiken og elles få opp instruktørkrefter lokalt.

Elv

Vi har i fleire vår vore i ein startfase i forhold til satsing på elvepadling. No er det blitt så mange at vi reknar med at 2008-sesonger vil gi eit stort oppsving i denne aktiviteten.

Polo

Polo er ein relativ ny aktivitet innan kajakk. Men mykje grunna den leikprega forma og konkurranseaspektet, satsar NPF på å få til god rekruttering til denne aktiviteten blant ungdom

Førde 13.03.2008

For Sunnfjord Kajakklubb

Rune Berge - kasserar